Fitjar kommune

Saksmappe: 2026/1879
Sakshandsamar: Bente Bjelland
Dato: 30.10.2026

MØTEBOK

Rullering av Plan for idrett- og friluftsli. Høyringsutkast for planperioden 2026-2029

Utval sak	Utval	Møtedato
55/26	Formannskapet	28.10.2026

Vedlegg:
Framlegg til Plan for idrett og friluftsliv 2026-2029

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Formannskapet vedtek å leggja «Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026–2029» ut til offentleg ettersyn og høyring.
2. Frist for innsending av høyringsinnspel vert sett til 17. november 2026.
3. Innkomne merknader skal vurderast og eventuelt innarbeidast før planen vert lagt fram for endeleg politisk handsaming.

Saksprotokoll i Formannskapet – 28.10.2026

Behandling:
Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak:
1. Formannskapet vedtek å leggja «Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026–2029» ut til offentleg ettersyn og høyring.
2. Frist for innsending av høyringsinnspel vert sett til 17. november 2026.
3. Innkomne merknader skal vurderast og eventuelt innarbeidast før planen vert lagt fram for endeleg politisk handsaming.

Bakgrunn:

Gjeldande plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv har hatt forlenga gyldigheitstid, og det er difor gjennomført ei revisjon av planen for. Det er naudsynt å ha ein gyldig plan frå årskiftet for at Fitjar kommune skal ha rett til å søke spelemidlar.

Planen er oppdatert i tråd med gjeldande statlege, regionale og kommunale føringar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Målet med revisjonen er å sikre at kommunen har eit oppdatert styringsdokument og eit gyldig grunnlag for framtidige søknader om spelemidlar.

Forankring i planar/mål:

Planen er forankra i:

· Fitjar kommune sin planstrategi
· Kommuneplanen sin samfunnsdel
· Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
· Statlege føringar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
· Regionale føringar frå Vestland fylkeskommune
· FN sine berekraftsmål

Saksutgreiing:
Arbeidet med planen har vore leia av kultureininga i Fitjar kommune.

Det var opphavleg planlagt å nytte ei arbeidsgruppe i revisjonsarbeidet. Grunna avgrensa ressursar og utfordringar med å samle arbeidsgruppa har det ikkje vore gjennomført felles møte i gruppa i denne planperioden. Kultureininga har i staden hatt direkte dialog med relevante lag, organisasjonar og andre aktørar gjennom planarbeidet.

Det har vore innhenta opplysningar om aktivitetar, anlegg, utfordringar og framtidige behov frå idrettslag, frivillige organisasjonar, friluftsorganisasjonar og andre samarbeidspartnarar. Innspela har danna grunnlag for kartlegging, vurderingar og forslag til tiltak i planen.

Revisjonen er i hovudsak ei oppdatering av gjeldande plan. Planen byggjer vidare på eksisterande struktur og innhald, men er oppdatert med nytt kunnskapsgrunnlag, status for anlegg og aktivitet, reviderte handlingsprogram og gjeldande nasjonale og regionale føringar.

Kommunen ser samstundes behov for å vidareutvikle planen gjennom å utarbeide ein eigen frivilligdel. Grunna ressurssituasjonen har det ikkje vore mogleg å gjennomføre dette arbeidet som del av denne revisjonen.

Målet er at det i planperioden fram til 2029, så snart det let seg gjera, skal utarbeidast ein frivilligdel som vert innarbeidd i planen. Når frivilligdelen er ferdigstilt, skal den samla planen leggjast ut til nytt offentleg ettersyn og høyring. Det vil då vere høve til å kome med ein ny runde med innspel til heile planen før vidare politisk handsaming. Kommunen ønskjer gjennom den noverande føreslegne høyringa å få innspel til den reviderte planen før endeleg vedtak.

Miljø og berekraft:
Planen støttar særleg opp om følgjande berekraftsmål:

· Mål 3: God helse og livskvalitet gjennom å leggje til rette for fysisk aktivitet, friluftsliv og aktive lokalsamfunn.
· Mål 10: Mindre ulikskap gjennom arbeid med inkludering og tilgjengelege aktivitetstilbod for alle innbyggjarar.
· Mål 11: Berekraftige byar og lokalsamfunn gjennom utvikling av attraktive nærmiljø, møteplassar, anlegg og friluftsområde.
· Mål 17: Samarbeid for å nå måla gjennom samarbeid mellom kommune, frivillig sektor, idrettslag og andre organisasjonar.

Planen legg til rette for bruk og vidareutvikling av eksisterande anlegg, nærmiljøområde og friluftsområde og støttar opp under berekraftig samfunnsutvikling og gode folkehelsetiltak.

FN sine berekraftsmål

Vurdering:
Planen gjev eit samla oversyn over dagens aktivitetstilbod, anlegg og friluftsområde i kommunen, og skildrar behov og utviklingsretning for planperioden.

Det er lagt særleg vekt på fysisk aktivitet gjennom heile livsløpet, inkludering, universell utforming, nærmiljøanlegg, eigenorganisert aktivitet og folkehelse. Dette er i tråd med gjeldande nasjonale og regionale føringar.

Administrasjonen vurderer at planen gjev eit godt grunnlag for vidare utvikling av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i kommunen fram til 2029.

Økonomi:
Planen er eit strategisk styringsdokument og inneber ikkje økonomiske disposisjonar i seg sjølv.

Prioriterte investeringar og tiltak må vurderast i dei årlege budsjett- og økonomiplanprosessane. For anlegg som skal søkje spelemidlar er det eit krav at tiltaket er forankra i vedteken kommunal plan

Oppsummering og konklusjon:

Planen er ei revidert utgåve av gjeldande plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv og er oppdatert i tråd med gjeldande føringar og krav til kommunal planlegging på området.

Planen skal gjelde fram til 2029. I løpet av planperioden er det eit mål å utarbeide ein eigen frivilligdel som vert innarbeidd i planen. Når dette arbeidet er gjennomført, skal den samla planen sendast på ny høyring slik at innbyggjarar, lag, organisasjonar og andre interesserte kan kome med innspel til heile planverket.

Administrasjonen tilrår at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring før endeleg politisk handsaming.

Steinar Dalland
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.